

FOLKEHELSEOVERSIKT

VOSS HERAD

2024-2027



Samandrag

Folkehelsearbeid er samfunnet si innsats for å påverka faktorar som direkte eller indirekte fremjar fleire leveår med god helse, trivsel og livskvalitet. Alle sider av livet kan vera kjelde til god eller dårleg helse. Folkehelsearbeid er difor ei oppgåve som lyt løysast på tvers av sektorar og nivå, gjennom myndiggjering av lokalsamfunn og medverknad frå innbyggjarane. Ei god folkehelse vil også bidra til at den sosiale berekrafta i lokalsamfunnet vert styrka.

[Folkehelselova](#) legg føringar som inneber at kommunar og fylkeskommunar skal utarbeida folkehelseoversikt kvart fjerde år. Oversikta skal ha ei særleg merksemd på trekk ved utviklinga som kan skapa eller oppretthalda sosiale eller helsemessige problem eller skilnader.

Folkehelseoversikt 2024 – 2027 er strukturert på fylgjande sett:

1. Innleiing med koplingar til Folkehelselova.
2. Bakgrunn med kopling til FN sine berekraftsmål og kommuneplanen sin samfunnsdel.
3. Kort om kva folkehelse er og korleis stoda er i Voss herad. Kapittelet er utarbeida med utgangspunkt i ein metode som syner koplinga mellom folkehelse og sosial berekraft sortert etter faktorane livsvilkår, kvardagsliv, lokalsamfunn og økonomiske, sosiale og miljømessige vilkår.
4. Utval av statistikk som svarar ut dei fire folkehelseutfordringane som vert peika på i [Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027](#): Sosial ulikskap i helse, demografiske endringar, psykisk helse og livskvalitet og klimaendringar.

Folkehelsa i Vestland utviklar seg om lag som folkehelsa generelt i landet. Voss herad skil seg ikkje markant ut samanlikna med det store biletet. Det er likevel somme trekk og trendar det vil vera relevant å ha ekstra merksemd på i åra som kjem. Dette er:

- Levealderen er høgare på Vestlandet enn i andre fylkeskommunar, og forventade levealder i Voss herad er høgare enn landsnivået. Dette indikerer at innbyggjarane i Voss herad har betre helse enn landsnivået. Det er likevel utfordringar knytt til ei aldrande befolkning på Voss. I 2030 er det fleire eldre enn born i Voss herad.
- Personar som kjenner på einsemd og slit med psykiske lidningar aukar - både i landet, på fylkesnivå og i Voss herad.
- Stoda i vossaskulane - både kva gjeld trivsel på skulen og meistringsnivå.
- Innbyggjarar som bur i hushald med vedvarande låg inntekt i Voss herad aukar, men me ligg framleis under landssnittet.
- Samanhengen mellom klima, folkehelse og psykisk helse. Mange unge er uroa for framtida, og klimaangst er eit reelt fenomen som me enno ikkje veit omfanget eller alvorsgrada av.



Innhald

1. Innleiing	1
2. Bakgrunn	1
3. Kva er folkehelse og korleis er stoda i Voss herad?	3
3.1 Livsvilkår	4
3.2 Kvardagsliv	7
3.3 Lokalsamfunn	8
3.4 Økonomiske, sosiale og miljømessige vilkår	9
4. Utval av statistikk.....	11
4.1 Sosial ulikskap i helse	11
4.2. Demografiske endringar	14
4.3. Psykisk helse og livskvalitet	16
4.4. Klimaendringar	17



1. Innleiing

Folkehelselova pålegg kommunar og fylkeskommunar å ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga med dei positive og negative faktorane som kan verka inn på helse. Oversikta skal ha ei særleg merksemd på trekk ved utviklinga som kan skapa eller oppretthalda sosiale eller helsemessige problem eller sosiale helseskilnader. Folkehelseoversikta vil utgjera ein viktig del av det langsiktige og systematiske folkehelsearbeidet i kommunen. Føremålet er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar befolkninga si helse og utjamnar sosiale helseskilnader.


Folkehelseoversikta er eit fagleg dokument som skal utarbeidast kvart fjerde år og vera del av kunnskapsgrunnlaget til arbeidet med ny planstrategi. Tal, statistikk og fakta er henta frå ulike kjelder. Dei viktigaste kjeldene er Statistisk Sentralbyrå (SSB), Folkehelseoversikt for Vestland 2024 – 2027, Folkehelseundersøkinga i Vestland, Ungdata, Folkehelseinstituttet (FHI), Framtidsverktøyet til KS og Norsk kulturindeks.

2. Bakgrunn

Voss herad sin visjon er å vera eit sterkt regionsenter, med levande bygder. Visjonen skal me nå gjennom å vera attraktiv, innovativ og inkluderande.

Arbeidet til Voss herad skal byggja på FN sine berekraftsmål. Berekraftsmåla til FN er bygd på tre dimensjonar – miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Jorda si tolegrensa set ytre rammer for berekraftsarbeidet. Grunnleggjande sosiale kriteria for å kunna leva trygt og godt, set igjen rammene for økonomisk aktivitet. Folkehelse har mykje til felles med sosial berekraft. For båe står menneskelege behov i sentrum og sosial rettferd er ei hovudmålsetting.

Ei god folkehelse vil bidra til at born har ein trygg oppvekst og at innbyggjarar kan leva og bu i trygge nærmiljø i alle fasar av livet.



Figuren syner dei mange berekraftsmåla og samanhengen desse har til dei tre dimensjonane.

«Alt heng saman med alt.»

Samarbeid på nye måtar og med nye aktørar kan bidra til å skapa eit godt og berekraftig samfunn for alle.

Figur 1: Illustrasjon på dei økonomiske og sosiale dimensjonane ved berekraft omkransa av og som del av dei miljømessige (Azote Images for Stockholm Resilience Centre, omsett av Vestland Fylkeskommune)



Folkehelse i kommuneplanen sin samfunnsdel (2020 – 2032)

Folkehelsearbeid er samfunnet sin totale innsats for å oppretthalda, betra og fremja innbyggjarane si helse. Dette kan skje ved å redusera faktorar som fører til dårlegare helse, eller ved å styrka faktorar som fører til betre helse. «Helse i alt me gjer» er sentralt i arbeidet med folkehelsa.

Lov om folkehelsearbeid (2012) har 5 viktige prinsipp: Medverknad, berekraft, helse i alt me gjer, føre-var og utjamning av sosial ulikskap. Ifylgje verdas helseorganisasjon (WHO) er det berre 10 % av helseproblema som helsetenesta kan gjera noko med. Dei resterande 90 % er påverka av tilhøve utanfor helsetenesta: Barnehage, skule, oppvekst, kulturlivet, næringslivet, arbeidslivet, frivillig innsats og lokalsamfunnet du bur i. Alle desse områda må ta del i folkehelsearbeidet.

Helse er å meistra kvardagens krav. Alle kommunale tenester må leggja til rette for at alle innbyggjarane kan meistra liva sine, og få nytta ressursane sine til det beste for seg sjølv og samfunnet. Når samfunnet legg til rette for dette, vil folk oppleva god helse og livskvalitet. Folk må i framtida ta styringa over eiga helse i større grad enn tidlegare. Kjensla av meistring er grunnleggjande for å oppleva god helse. Folk må få bruka eigne ressursar. Den kommunale ressursbruken må rettast inn mot tidleg innsats og førebygging, framfor reparasjon.

Voss herad skal sikra god helse og fremja livskvalitet for alle

Alle skal oppleva tryggleik, meistra kvardagen og ha fleire aktive leveår med god helse og trivsel. Tryggleiken som ligg i å ha tilgang til gode offentlege tenester når ein treng det, er avgjerande for opplevd helse. Voss herad skal ha ålmenn dekning av gode og trygge helsetenester, og tilby desse på rett nivå (3.8).

Voss herad vil styrka helse og levekår gjennom førebygging og folkehelsearbeid. Me skal leggja til rette for at innbyggjarane kan vera mest mogleg sjølvhjelpne i alle livsfasar. Heradet vil få utfordringar knytt til stadig fleire eldre.




Eigne strategiar, mål og tiltak skal utarbeidast sånn at heradet vert eit aldersvenleg samfunn. Voss herad skal førebyggja framfor å reparera i helsetenesta. Me skal satsa på tidleg innsats og driva førebyggjande og helsefremjande arbeid. Tenestene skal innrettast slik at førebygging er eit grunnleggjande fokus overfor unge, eldre og menneske med særlege helseutfordringar. Me skal dela kunnskap om tiltak og verktøy, slik at folk er i stand til å vareta og betra eiga helse.

Voss herad skal fremja mental helse og livskvalitet (3.4). Einsemd skal førebyggjast, og me skal skapa møteplassar som inviterer til meningsfull aktivitet og deltaking. Me skal arbeida for inkludering, og hindra utanforskap. Me skal hjelpa dei som slit med daglege gjeremål og meistring av livet, og hindra fråfall frå skulegang og arbeidsliv. Me skal styrka førebygging og behandling av misbruk, mellom anna av narkotiske stoff og alkohol (3.5). Det skal utviklast gode lågterskeltilbod, tiltak for å meistra livet og førebyggjande haldningsarbeid.

Voss er eit knutepunkt med mange på gjennomreise, og risikoutsette vegar. Innan 2025 skal me ha halvert omfanget av skadar og dødsfall grunna trafikkulukker (3.6).

3. Kva er folkehelse og korleis er stoda i Voss herad?



Figur 2: Kva er folkehelse? ([Sunnekommuner](#)).


Folkehelse er mykje meir enn kosthald, fysisk aktivitet, røyk og alkohol. Folkehelse handlar om både den samla helsetilstanden til innbyggjarane, og om korleis helsa er fordelt utover i folkesetnaden.

Folkehelsearbeid er difor samfunnet si innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar fleire leveår med god helse, trivsel og livskvalitet for alle.

OsloMet har utvikla ein modell som syner koplinga mellom folkehelse og sosial berekraft. Modellen tek for seg dei ulike dimensjonane som verkar inn på helsa vår.

Innan dei ulike områda er det dømer på ulikskap i helse. Dette kan skuldast økonomi, fysiske barrierar, kunnskap, utdanning eller anna. Målet er at å gjera vilkåra betre slik at alle meistrar livet, og bryta ned barrierar for folk som av ulik grunn ikkje deltek på line med andre i kvardagsliv og lokalsamfunn.

Oversikt over helsetilstand og faktorar som påverkar desse er heimla i [Lov om folkehelsearbeid](#) og tilhøyrande [forskrift](#). Forskrifta krev at folkehelseoversikta skal omfatta opplysningar om og vurderingar av; samansetnad av befolkninga, oppvekst- og levekår, fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø, skadar og ulukker, helserelatert åtfærd og helsetilstand.



Figur 3: Koplinga mellom folkehelse og sosial berekraft (OsloMet/VFK)

I [Folkehelseoversikt for Vestland 2023 – 2027](#) er det identifisert fire folkehelseutfordringar for fylket:

- Sosial ulikskap i helse
- Demografiske endringar
- Psykisk helse og livskvalitet
- Klimaendringar

I folkehelseoversikt for Voss herad (2024- 2027) vert OsloMet sin modell nytta. Samstundes kikkar me nærare på statistikk retta mot dei fire folkehelseutfordringane identifisert av Vestland fylkeskommune.



3.1 Livsvilkår

Livsvilkår er individet sine moglegheiter for å kunna utnytta sitt potensial. Dette kan vera **bustad, inntekt, arbeid og utdanning**.

Helse



71,9% opplev helsa si som god eller svært god, noko som er eit litt høgare nivå enn for Vestland samla.

Det er ein klar trend på fylkesnivå at høgare utdanning gjev betre oppleving av eiga helsa, forskjellen utgjør 25% blant kvinner og 23% blant menn⁴. Som elles i landet er dei fleste unge svært eller litt nøgd med eiga helse. Gutane er meir nøgd enn jentene⁵.

Levealderen er høgare på Vestlandet enn i andre fylkeskommunar, og forventa levealder i Voss herad er høgare enn landsnivået. Dette indikerer at innbyggjarane i Voss herad har betre helse enn landsnivået. Forsking synar at det ikkje er eigenskapar ved sjølve staden som gjer innbyggjarar friskare eller sjukare. Forskjellane kjem ofte av at ulike stadar vert folkesette av menneske med ulik alder, utdanning, yrkesstatus og inntekt. Levealderen aukar ved høgare utdanningsnivå. Innbyggjarar som har vidaregåande/høgare utdanning lev i snitt 5,8 år lengre enn innbyggjarar som har grunnskule som høgste utdanningsnivå¹.

Legemiddelbruk er ikkje synonymt med sjukdomsførekost, men kan vera ein indikator på sjukdomsførekost i befolkninga. Legemiddelbruk mot hjarte- og karsjukdomar, diabetes og psykiske lidingar er lågare i Voss herad enn i Vestland og Noreg². Antibiotika reseptar utgjør 219 per 1000 innbyggjar, noko som er signifikant betre enn landsnivået. Frå 2016 til 2021 har tal antibiotikareseptar til systemisk bruk gått ned 26% i Voss herad for personar i alderen 0-79 år. Bruken er lågare i Voss herad enn Vestland og landet². Vaksinasjonsdekning av meslingar utgjør 98,3% av innbyggjarar som er 9 år, dette er signifikant betre enn landsnivået³.

Fedme er forbunden med auka helseisiko, til dømes utvikling av hjarte- og karsjukdom, diabetes og andre kroniske sjukdomar. Voss herad er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået når det gjeld del 17-åringar som er overvektige (25%). Dette ser ut til å halda seg stabilt. 1 av 6 born (15-20%) er overvektig eller har fedme, og det er teikn til at denne utviklinga har flata ut.



Figur 4: Forventa levealder for kvinner og menn i Voss herad.



310 per 1 000 innbyggjar har muskel og skjelett plagar



25% av innbyggjarar som er 17 år er overvektig



17,8% per 1 000 innbyggjar har hjarte- og karsjukdom

¹ [Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027](#)

² [Kommunehelsa \(fhi.no\)](#)

³ [Folkehelseprofil Voss herad, 2023](#)

Folk flest gjer det som er **enklast**. Om vi har ein bil ståande og det er parkeringsplass ved jobben, er sannsynligheita for at bilen blir brukt høg.

Folk flest kjøper det som er **billig**. Før var melk billigare enn brus, nå er det omvendt. Før var alkohol dyrt, nå er det relativt billig. Dette påverkar kva drikkevarer folk kjøper.

Vi sørger for å ha det mest mogleg **behageleg**. Vi omgir oss med stadig fleire tekniske hjelpemiddel som reduserer kvardagsaktiviteten. Kvar gang det blir lansert nye produkt som gjer at vi kan spare energi, blir det gjerne suksess. Går det en heis, er det få som går trappene.

Vi følger gjerne **motane**. Er det "in" å røyke, røyker fleire.

Vi gjer stort sett det som er **lovleg**. Den nye lova som forbyr bruk av solarium for born under 18 år vil høgst sannsynleg redusere delen ungdom som ligg i solarier i betydeleg grad. I tillegg får slike kloke, tydelege politiske grep ofte positive ringverknadar gjennom påverknad av haldningar og normer¹.

- Nivå på dagleg inntak av grønsaker (50%), og frukt og bær (42,7%) ligg litt høgare enn Vestland samla. Delen aukar med høgare utdanning og aukande alder, og er større blant kvinner enn menn.
- Nivå på inntak av sukkerhaldig brus/leskedrikk 2-3 gongar i veka eller oftare (24,9%) ligg litt lågare enn Vestland. Delen aukar med lågare utdanning og lågare alder, og er større blant menn enn kvinner.
- Nivå på inntak av fisk 2-3 gongar i veka eller oftare (55,8%) er omtrent som i Vestland. Delen aukar med høgare utdanning og alder⁴.

Del **fysisk aktive** minst 30 minutt 4+ dagar i veka (23,9%) er omtrent likt med Vestland. Delen aukar noko med aukande utdanningsnivå⁴. 17 åringar som trenar sjeldnare enn ein gong i veka (31%) er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået³. Samanlikna med landet og fylket har Voss alltid hatt mange medlemmar i idrettslaga. I 2022 var om lag 60% av innbyggjarane medlem av eit idrettslag (tal frå Hordaland idrettskrets). Landsgjennomsnittet er omlag 33%.

Innbyggjarar som opplev at dei har god eller svært god **tannhelse** (73,5%) er litt lågare enn i Vestland. Om lag 90 prosent av innbyggjarane over 18 år har vore til tannlege eller tannpleiar i løpet av dei siste to åra⁴.

Innbyggjarar som dagleg **røykar** (6,5%) er redusert gjennom dei siste åra, samstundes som det er ein auke i **snusbruk** (11,2%). Bruken er litt lågare enn i Vestland. Dagleg røykarar aukar med aukande alder fram til 59 år, og er høgare hjå innbyggjarar med lågare utdanning. Snusbruk vert redusert med aukande alder, og redusert med høgare utdanning⁴. Ungdata undersøkinga er sjølvrapporterte data frå elevar i vidaregåande og synar at 2% røykjer dagleg, 11% som snusar fast og 13% som har brukt hasj eller marihuana. Dei fleste har brukt hasj eller marihuana 1 eller 2-5 gongar. 31% har vorte tilbydd hasj eller marihuana. Del som har brukt hasj eller marihuana i løpet av siste året er litt aukande i Voss herad⁵. Utviklinga av **cannabisbruk** er stabil, medan bruk av **kokain** aukar noko på landsbasis⁶.

Dødsfall

Sidan 2012 er 11 personar i Voss herad drepne i vegtrafikkulykker⁷. Over 8% av dødsfalla i trafikken i Vestland (2012-2022) skjedde i Voss herad. Talet er høgt med tanke på at 2,5% av innbyggjarane i Vestland bur i Voss herad. Om lag 3,4% av ulukkene som skjer i fylket vårt skjer i Voss herad. E16 som går gjennom Voss er utsett for ulukker og ras, noko som kan ha innverknad på desse tala. I 2022 var det 610 tilfelle med **sjølv mord** i Noreg. Av desse var 71% menn, 9,93% yngre enn 20 år og 14,59% over 70 år⁸.

⁴ [Folkehelseundersøkinga i Vestland, 2022](#)

⁵ [Ungdata, 2021](#)

⁶ [Folkehelseinstituttet](#)

⁷ [SSB](#)

⁸ [FHI Dødsårsaker i Norge, 2022](#)



Psykisk helse

Økonomi, utdanning og bumiljø har mellom anna innverknad på kosthald, fysisk aktivitet og psykisk helse. Forsking synar at ungdom som veks opp i familiar med låg inntekt er mindre aktive i organisert aktivitet og har mindre kontaktnett. Dette bidreg til auka sosial ulikskap. **Einsemd** og psykiske plagar i Vestland auka kraftig under koronapandemien i 2020 og er framleis ikkje attende på 2018/19 nivå. 27% av elevar i vidaregåande kjenner på einsemd¹¹. På landsbasis er del **lesbiske, homofile og bifile** med dårleg psykisk helse betydeleg større enn blant heterofile. Dei er meir utsette for symptom på angst og depresjon, og har gjennomgåande lågare livskvalitet enn befolkningsnittet⁹.

Færre menn enn kvinner er i kontakt med primærhelsetenesta grunna **psykiske lidingar/symptom**. Talet har auka dei seinare åra men er signifikant lågare enn landsnivået². Ungdom som har psykiske lidingar har også auka, frå 13% i 2019 til 17% i 2021. Frå 2013-2021 har det vore ei dobling av psykiske helseplagar¹⁰. 55 per 1 000 innbyggjar har symptom på angst og/ eller depresjon³.



115 per 1 000 innbyggjar har psykiske symptom/lidingar

Utdanningsnivå

Utdanningsnivå har positiv effekt på trivsel, vurdering av eiga helse, einsemd og livsstilsvariablar. Ei fullført vidaregåande utdanning er dessutan eit viktig kompetansekrav for å delta i arbeidslivet. Utdanningsnivået har auka dei seinare åra. Om lag 46% mellom 30-39 år har høgare utdanning. Færre vossingar har universitets/høgskuleutdanning enn kva som er tilfellet på landsnivå, noko som igjen er påverka av arbeidsmarknaden lokalt. Delen av dei som har grunnskule som høgaste utdanningsnivå ligg på 17%, og har vorte redusert dei siste åra. Denne utdanningsgruppa kan få vanskar med å komma inn på arbeidsmarknaden i tida som kjem. Fråfall i vidaregåande opplæring er redusert (ikkje oppnådd studie-/yrkeskompetanse etter fem år) og ligg no lågare enn landet og Vestland¹¹.

Bustad

Bumiljø er viktig for å kunna ta vare på eiga helsa, vera i arbeid og leva eit godt liv. I 2022 budde 62,51% av innbyggjarane i tettbygd strøk og 37,43% i spreiddbygde strøk. I aldersgruppa 45 år+ er det 25,5% som bur åleine. 0,13 per 1 000 innbyggjar var bustadlaus i meir enn 3 månader⁷.

Inntekt

Låg inntekt er knytt til reduserte mogelegheiter til å delta i samfunnet på lik linje med andre. I Noreg er skilnadar i inntekt relativt små samanlikna med andre land. Ulikskap i inntekt er likevel aukande nasjonalt og lokalt. Innbyggjarar som bur i hushald med vedvarande låg inntekt i Voss herad aukar, og er no nesten på landsnivå¹¹.

⁹ [Seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og kjønnskarakteristika, 2020](#)

¹⁰ [Framsikt](#)

¹¹ Kap. 4.1 Sosial ulikskap i helse

3.2 Kvardagsliv

Arenaer i kvardagslivet inneheld dei ulike arenaene innbyggjarane deltek i gjennom livet. Dette kan vera **barnehage, skule, arbeidsplassar, fritidsarenaer, sjukehus** og **sjukeheimar**.

Barnehage

Barnehage legg grunnlaget for mange born tidleg i livet og gjer at fleire føresette kan vera i arbeid. Barnehagedekninga i Voss herad er litt høgare enn snittet av andre kommunar det er naturleg å samanlikna seg med og landet utan Oslo.

Tal **minoritetsspråklege born** i barnehagane held seg likt og er lågare enn Vestland.

Skule

Unge som ligg på lågaste meistringsnivå i lesing er høgare enn resten av landet og Vestland. For rekneferdigheit er det ein trend at det er fleire som ligg på lågaste meistringsnivå enn tidlegare (5. trinn). Tala har vore aukande dei seinare åra¹¹.

Arbeid

70% av innbyggjarane i Voss herad er sysselsette, dette nivået er høgare enn landssnittet. Av alle kommunalt tilsette utgjer 46% tilsette i helse og omsorg, noko som er litt høgare enn landssnittet. 17% står utanfor arbeidslivet (dvs at dei ikkje er i arbeid, dei er under utdanning, går på AFP, har alderspensjon eller er sjølvstendig næringsdrivande), i alderen 20-66 år i Voss herad, noko som er lågare enn landsnivået¹². **Arbeidsledigheit** i Voss herad er 1,5% i 2022, noko som er lågare enn Vestland (1,7%) og landet (1,8%). 3% er mottakarar av **uføreytingar**, dette også ligg lågare enn Vestland (3,1%) og landet (3,4%)².


Menneske med funksjonsnedsetting har systematisk dårlegare levekår når det gjeld helse, sysselsetting, utdanning og deltaking i aktivitetar utanfor heimen¹. Tenesteanalyse for tenester til personar med utviklingshemming synar at når det gjeld sysselsetting, og deltaking i aktivitetar utanfor heimen har 89,5% jobb/dagaktivitetar, 93,8% likar seg på jobben/dagaktiviteten og 88,2% har ein aktivitet etter arbeidstid¹³.

Fritid

Vaksne i Voss herad er om lag like aktive i organiserte aktivitetar som snittet for Vestland. Omlag 23% er aktive i organisert aktivitet kvar veke⁴. Det same gjeld for unge, 64% er med i fritidsorganisasjon. 57% er fornøgd med treffstadar. Vaksne med høgare utdanning er meir aktive. For dei unge er det ein samanheng mellom familien sin sosioøkonomiske status og barnet sitt aktivitetsnivå. Det å stå utanfor organisert fritidsaktivitet fører til at ein fell utanfor møteplassar som bidreg til utvikling av sosial kompetanse⁵.

Sjukehus og sjukeheimar

Sjukehus lokalisert på Voss gjev positive helseeffektar for innbyggjarane i Voss herad. Innbyggjarar mellom 67-79 år som bur på institusjon har vore aukande dei seinare åra. I 2022 var det 18,2 per 1000 innbyggjarar. Dette er høgare enn andre kommunar i Kostragruppe 7 (12,6 per 1000 innbyggjar)



¹² Framtidsverktøyet

¹³ KS læringsnettverk, 2023



3.3 Lokalsamfunn

Kommunen har i stor grad påverknad på lokale forhold som planlegging av areal til **fritidsarena, offentlege tilbod, sentrumslokalisering** og **handel**.

Sentraliseringa som har vore dei siste åra er venta å auka fram mot 2040. Tryggare vegar og kollektivtilbod, saman med kortare reisetid til større arbeidsmarknader, kan verka positivt for utviklinga av Voss som regionsenter.

Nærmiljø

Tilgang på rekreasjonsareal, friluftsareal, nærturterreng og møteplassar er viktig for innbyggjarane si folkehelse. Voss herad ligg litt over fylkessnittet når det gjeld godt tilgjenge til natur- og friluftsområde, inkludert parkar og grøntareal⁴. Gode møteplassar og offentlege tilbod i nærmiljøa kan også innebera redusert behov for transport og parkering. Eit variert bustadmiljø kan bety at folk ikkje treng å skifta nærmiljø når dei skifter bustad.

- 73% er nøgd med lokalmiljøet, noko som er signifikant betre enn landsnivået.
- 90% meiner det er trygt i nærmiljøet⁵.
- 79% er nøgde med kultur- og 91% med idrettstilbodet. Dette er eit nivå høgare enn Vestland⁴.

Støy, luftkvalitet og drikkevatt


Støy er definert som «uønskt lyd» som påverkar helse og trivsel negativt og kan føra til hørselskadar, søvnproblem og stressrelaterte helseplagar. I Voss herad er vegtrafikk, jernbane, flytrafikk, skytebanar og festivalar kjelder til støy. 11,2% er plaga av støy frå trafikk heime, eit snitt som ligg høgare enn Vestland (8,6%). 9,7% er plaga av støy frå andre kjelder enn trafikk, noko som også er eit nivå litt høgare enn snitt for Vestland (9,4%)⁴.

Forsking synar at forureina luft kan auka sannsyn for å utvikla tarm, lunge, hjarte- og karsjukdomar.

Luftkvaliteten i Voss herad er målt til 3,1µg/m³ finkorna svevestøv, noko som er signifikant betre enn både fylkes- og landsnivå³. **Drikkevattnet** er målt til 98,4% hygienisk og stabilt drikkevatt, igjen eit nivå som er signifikant betre enn fylkes- og landsnivå³. Vossavatnet fekk i 2023 pris for å vera det beste drikkevattnet i heile landet.

Jordbruk og matproduksjon


Kva som produserast og vert tilbydd av mat og på kva måte dette gjerast, verkar inn på folkehelsa. Forsking synar til at mengde kjøtt og metta fett bør reduserast i norsk kosthald. Høgt inntak aukar risiko for nokre typar kreft, hjarte- og kar- og andre sjukdomar. Innbyggjarar si tilgang til grøne omgjevnadar, kulturlandskap og naturmangfald som til dømes jordbruk- og skogsareal verkar også positivt inn på folkehelsa. 63km² er nytta til jordbruk og 668km² er skogsareal i Voss herad¹⁴.



¹⁴ [Arealbruk i kommunene \(ssb.no\)](https://ssb.no)

3.4 Økonomiske, sosiale og miljømessige vilkår

Det ytre laget synar til samfunnsstrukturar som **velferdsordningar**, **arbeidsmarknadspolitik**, **utdanningstilbod**, **infrastruktur**, **arealplanlegging**, **kommunale aktivitetstilbod** og ulike **støtteordningar**. Desse set rammene for innbygarane si moglegheit for deltaking.




Demokrati og deltaking

Høg valdeltaking er sett på som eit teikn på at folk opplever at dei kan påverka livsvilkåra sine og at det er tillit i samfunnet. Voss herad har litt høgare valdeltaking enn landet og fylket for Heradsstyreval, og ligg om lag på snittet ved Stortingsval. Generelt i Noreg er valdeltakinga lågare hjå innvandrarakar.

Kommunal styring

I KS sitt [framtidsværktøy](#) er Voss herad vurdert som ein kommune med god styring, dette vil seia at kommunen scorar nest best på alle indikatorar. Detaljar som ligg til grunn for indikatorane er demografi, økonomisk handlefridom, folkehelse, inntektsgrunnlag, reguleerte areal, arbeidskraft, arbeidsmarknad, infrastruktur, buforhold, fritidstilbod, naturressursar og arealreserver¹².



Figur 6: Resultatscore for fire indikatorar i Voss herad i «Din kommune» modellen¹².

Demografi

Voss herad har dei seinare åra hatt ein befolkningsauke på mellom 0,2 og 0,6% per år. Dette er om lag på nivå med Vestland¹⁶. **Folketalframskrivning** synar at stadig fleire vert eldre. Dette skuldast mellom anna betre levevilkår, mindre sosiale skilnadar og gode helse- og omsorgstenester. Det er viktig å understreka at framskrivningar er prognosar, og i det ligg det usikkerheit. Færre er i yrkesaktiv alder enn i heile landet, og fleire er over 60 år enn i heile landet¹². Innbygarar som er 65 år + er 23% i 2024 og vil auka til 28% i 2044. I 2030 vil det vera fleire eldre enn born¹⁵.

Hovudtyngda av endringa i befolkninga skuldast **innvandring**, om lag 85%. Størstedelen av innvandrarakar kjem frå Europa, medan innvandring frå Asia og Afrika har auka dei seinare åra. Dei fleste innvandrarakarane er flyktingar og arbeidsinnvandrarakar. Ukraina-krigen har ført til stor aukiing i flyktingar¹⁵. 10% av innbygararane er innvandrarakar i 2023, dette er lågare enn snittet i Vestland¹⁶.

¹⁵ Kap 4.2 Demografiske endringar

¹⁶ [Vestland statstikk og utviklingstrekk](#)

Utdanningstilbod og arbeidsmarknadspolitik

I Voss herad er ein stor del av arbeidsmarknaden i tertiærnæringa. I 2022 pendla omlag 1588 ut av heradet for arbeid, medan 968 menneske pendla inn i heradet⁷. 8% av gjennomsnittleg varehandelkonsum vert utført i bu- og arbeidsmarknadsregionen¹².


Infrastruktur

I Voss herad er infrastrukturen bygd opp av hovudveg, togstasjon og vidaregåande skule. Næringsareal, bustadareal og sentrumsutvikling er regulert. 31% opplev at gang og sykkel veg er godt eller svært godt utbygd i Voss herad, lågare enn Vestland (39%)⁴.

Klima og fysisk miljø

Klimaendringar er ei av dei største utfordringane verda står overfor, og råkar alle samfunnsområde. Sjølv om utfordringar knytt til klima er globale, er det og ei utfordring med store lokale konsekvensar. I Voss herad vert klima ein sentral del av risikobiletet i framtida. Det er venta auka nedbør, meir ekstremvær, temperaturendringar og andre gradvise endringar som kan få store konsekvensar for helse, landbruk, reiseliv, samferdsle, bygg, anlegg og naturmangfald.

Klimaendringane kan også påverka folkehelsa, då dei kan medverka både til helsemessige problem og sosiale helseskilnader.




Kommunedelplanen [Vossaklima 2030](#) inneheld satsingsområde og strategiar for korleis Voss herad i samspel med innbyggjarar og næringsliv kan redusera heradet sitt klimafotavtrykk. Samtidig som planen syner korleis Voss herad som organisasjon kan redusera utslepp og bidra til grøn omstilling, svarar den og på korleis heradet kan arbeida for at innbyggjarane og næringslivet kan bidra i ynska retning. Mål og strategiar i Vossaklima 2030 har merksemd på sosial ulikskap i helse og eit fokus på at levekår eller livskvalitet hjå innbyggjarane ikkje vert forringa.

4. Utval av statistikk


4.1 Sosial ulikskap i helse

Vedvarande låginntekt




Figur 8: Voss herad ligg signifikant betre an enn landsnivået når det gjeld vedvarande låg inntekt i alle aldrar (*Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027*), (*Kommunehelsa (fhi.no)*).

Utdanningsnivå




Figur 9: Voss herad ligg ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået når det gjeld utdanningsforskjell i forventa levealder (5,29år) (*Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027*).

Høgaste fullførte utdanningsnivå




Figur 10: Fordeling av høgaste utdanningsnivå for personar over 16 år ([SSB, Kommunefakta](#))

Fråfall vidaregåande skule




Figur 11: Delen som ikkje fullfører vidaregåande skule innan 5 år ([Kommunehelsa, 2020](#)). Fråfallsraten er 15% i Voss herad. Dette er 8 prosentpoeng lågare enn landssnittet ([Framtidsverktøyet](#)).




Figur 12: Del elevar på lågaste meistringsnivå for lesing og rekning i 5. trinn. Tal frå nasjonale prøvar med treårig glidande gjennomsnitt. Voss herad har fleire elevar på lågaste meistringsnivå enn snittet i landet og Vestland. Delen har auka dei seinare åra ([Kommunehelsa \(fhi.no\)](#)).

Kulturdeltaking- og tilbod




Figur 13: Besøkande på kino per innbyggjar i Voss, Vestland og landet ([Norsk kulturindeks](#))

Besøkande på kino varierer mykje frå år til år. I snitt har likevel talet på besøk per kinoframsying gått opp med 7 personar frå 2020 til 2022 (12,5 til 19,3). Årsaka er i hovudsak ein auke etter pandemien, og talet på besøkande totalt ligg framleis under 2019 (Statistisk sentralbyrå, tabell 11817).



Figur 14: Besøk på bibliotek per innbyggjar i Voss, Vestland og landet ([Norsk kulturindeks](#))

Besøk på biblioteket er relativt stabilt (Statistisk sentralbyrå, tabell 11758). Totalt ligg besøka på like under fire besøk per innbyggjar årleg, litt under gjennomsnittet for landet.




Figur 15: Talet på kulturskuleelevar per barn i grunnskulealder (6-15 år) i Voss, Vestland og landet ([Norsk kulturindeks](#))

Om lag 22% av elevane i grunnskulealder er aktive i kulturskulen noko over landssnittet (Statistisk sentralbyrå, tabell 12061; Kulturindeks). Tala har vore stabile dei siste åra.


Samanlikna med landet og fylket har Voss alltid hatt mange medlemmar i idrettslaga. I 2022 var om lag 60% av innbyggjarane medlemmer av eit idrettslag (tal frå Hordaland idrettskrets). Landsgjennomsnittet er omlag 33%.

4.2. Demografiske endringar

Folketalsutvikling




Figur 16: Folketalsutvikling Vestland ([Vestland statistikk og utviklingstrekk](#)).



Figur 17: Busetting av flyktningar i Voss herad, 2020-2022 ([IMDi](#)).


Folketalframskriving



Figur 18: Folketalframskriving for Voss herad (SSB).

Del innbyggjarar i Voss herad som har **demenssjukdom** er venta å auke frå 2,71% i 2020 til 4,85% i 2050 ([Demenskartet – Aldring og helse](#)).


[FHI \(2022\) si framskriving av sjukdomsbyrde](#) synar at **rusmiddellidingar** skal auke med 8,5% frå 2019 til 2050 på landsbasis.



Figur 19: I 2025 er det fleire eldre enn born i Vestland. Dette skifte er venta fyrst i 2030 for Voss herad ([Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027](#)).

4.3. Psykisk helse og livskvalitet

Einsemd




Ungdataundersøkingar syner auke i delen som føler seg plaga av einsemd på ungdomsskulen. Tidlegare låg tala godt under landsgjennomsnittet, men dei siste målingane (2019 og 2021) viser at det er ein stigande trend. For vidaregåande er det fleire (2%) som svarar det same. Her er delen høgare enn for resten av landet. For begge aldersgrupper er det ei stor overvekt av jenter som er plaga.

Figur 20: Del elevar som er ganske mykje eller veldig mykje plaga av einsemd siste veka av ungdomsskuleelvar ([Ungdata, 2021](#)).

Psykiske helseplagar



Figur 21: Innbyggjarar i Voss herad 0-74 år med psykisk symptom/lidingar er aukande (4,5% auking frå 2015 til 2020). For unge mellom 15-24 år er aukinga på 15% ([Kommunehelsa \(fhi.no\)](#)).



Figur 22: Dobbelt so stor del ikkje-heterofile som heterofile har psykiske plagar⁹.

I SSB si livskvalitetsundersøking frå 2020 vart omfang av symptom på depresjon og angst i befolkninga kartlagt. I denne undersøkinga var ikkje transpersonar inkludert. 36 % av lhb+-personane hadde symptom på psykiske plagar, mot 18 % i befolkninga samla. Fordelt på ulike seksuelle orienteringar, var det flest bifile (42 %) som var misnøgd med eiga psykiske helse.

4.4. Klimaendringar¹

Ifølge WHO er klimaendringar det største trugsmålet mot folkehelsa, noko som også vil påverka folkehelsa i Noreg og i Vestland. Klimaendringar påverkar miljø og levekår over heile verda. Både menneske- og naturskapte miljø rundt oss er grunnleggjande for helse, trivsel og livskvalitet, og også menneskeleg vekst og utvikling.

Klimaendringane kan resultere i sårbarheit for sjukdom på ei rekkje område:

- Skadar og død knytt til ekstreme vêrhendingar
- Psykisk helse
- Luftvegs-, hjarte- og karsjukdomar
- Allergiar
- Smittsame sjukdomar og antimikrobiell resistens
- Vatn
- Mat

Klima og psykisk helse

Undersøkingar synar at fleire, og særleg ungdom, er merksame på kvar dei vil busette seg grunna moglege konsekvensar av klimaendringar og ekstreme vêrhendingar.

Samanhengen mellom klima og psykisk helse har fått auka merksemd siste åra.

Mange unge er uroa for framtida, og klimaangst er eit reelt fenomen som me ikkje veit omfanget eller alvorsgrada av. Ungdataundersøkinga frå 2021 syner at 35% er ganske eller veldig bekymra for klimaendringar i vidaregåande og 34% i ungdomsskulen⁵.


I hvilken grad bekymrer du deg for klimaendringar?

Svaralternativ

- 1) Ikke bekymret i det hele tatt
- 2) Litt bekymret
- 3) Ganske bekymret
- 4) Veldig bekymret
- 5) Vet ikke

Skulenivå

- Ungdomsskolen
- Videregående



I hvilken grad bekymrer du deg for klimaendringar?

Svaralternativ

- 1) Ikke bekymret i det hele tatt
- 2) Litt bekymret
- 3) Ganske bekymret
- 4) Veldig bekymret
- 5) Vet ikke

Skulenivå

- Ungdomsskolen
- Videregående

